



## Statens vegvesen

### NOTAT

Til: **Kaj-Andre Sæther Døving**  
Kopi: David Grøvdal, Steinar Vestnes

Oppdrag:	<b>Fv. 181 Tørrmur ved km 0,95</b>	Dok. nr. i Sveis:	<b>2014099727-1</b>				
Oppdragsgivar:	<b>Vegavd. MR, Driftseksjonen</b>	Dato:	<b>19.08.2014</b>				
Planfase:	<b>Byggeplan</b>	Arkivkode:	<b>470</b>	Ant. vedlegg:	3		
Kommune:	<b>Rauma</b>	Vegnr.:	<b>Fv. 181</b>	HP:	<b>1</b>	Km:	<b>0,95</b>
UTM 33 ref.:	<b>N6962140, A116650</b>	EUREF 89	Geoteknisk prosjektklasse: <b>1</b>				
Utarbeidd av:	<b>Ove Strømme</b>	Sign.:					
Kontrollert av:		Sign.:					

### Fv. 181 Tørrmur ved km 0,95.

#### Orientering

Underteikna var på synfaring 14.08.2014 saman med K.A. Sæther Døving, D. Grøvdal og representantar for Eide og Frilund, som har driftskontrakta i området.

Muren er kraftig deformert i om lag 10 m lengd. På det dårlegaste partiet har muren konveks form i heile murhøgda og nedre del er loddrett eller skrå litt utover. I vegen er det ei kort setning og litt sprekker i asfalten. Betongrekkverket har fått ei forskyving utover. Murhøgda er målt til 3,9 m på det høgste.

Muren er bygd av forholdsvis liten og uregelmessig stein. Det er delvis brukt små steinar til å kile inn i mellomromma mellom dei berande steinane.

Det er bergskjering på innsida av vegen, men tørrmuren ser ut til å stå på lausmasse. Ut frå det ein ser gjennom eit hol i muren, er det steinfylling bak muren. Vatn er sannsynlegvis ikkje noko problem.

Det dårlege partiet av muren er på den sørlege delen av gards-/bruksnummer 136/6. Nedafor muren er det hage (plen).



### **Forslag til tiltak**

Det ville vere mogleg å støype ein eller to betongpilastrar på utsida og forankre med sjølvborande stag til berg, men i og med at muren er berre om lag 4 m høg, vil eit slikt tiltak høgst sannsynleg bli dyrare enn å byggje ny mur.

---

Region midt - Ressursavdelinga – Berg- og geoteknikkseksjonen

Ulempa med å byggje ny mur, er at vegen må stengast. Sjølv om ein fyller igjen grøfta, blir det for liten plass til passasje ved utgraving. Ved synfaringa vart det likevel konkludert med at stenging ville vere akseptabelt. Omkøyning er mogleg via kommunal veg.


Terrenghellinga nedafor muren er om lag 1:2. Berekning viser at dersom muren blir fundamentert på lausmasse, må botnrada med stein vere minst 2,5 m brei. Dersom det er vanskeleg å få så stor stein, kan ein støype ein betongsøle.

Når ein tek ned den dårlege muren, må ein ta skrått ned i endane, i samsvar med omfara i muren. Nødvendig lengde i toppen er om lag 12 m.

Nytt rekkverk kan støypast av betong, slik det er frå før.

## **Vedlegg**

Kart  
Tverrprofilskisser  
Dimensjonering av mur



X 6940800

X 6940750



X 6940700

Y 424156

Y 424200



Fv. 181 Mur km 0,95  
 19.08.2014  
 Målestokk 1:500  
 Statens vegvesen



OPPDRAGSNR.:

PROSJEKT: Fv. 181 mur km 0,95

PROFIL:

KOMMENTARER: Mur på lausmasse

## Dimensjonering av tørrmurer i henhold til håndbok 016 - kap. 9

Beta-versjon 2.0 - 11. januar. 2012

## INNDATA

Geometri av mur og terrengforhold foran og bak mur				
$\gamma_m$	materialfaktor	1,40		
$1/\tan\beta$	terrenghelning over/bakenfor muren	0,00	$q_\gamma$	last bak muren inkl. lastfaktor 26,0
H	murhøyde inkl. fotdybde	4,5	D	murens fotdybde 0,5
d	murens helning	3,0	$b_b$	ekstra bredde av bunnblokk(er) 0,50
b	murens bredde ved bunn	2,00	$b_t$	murens bredde øverst 1,2
$1/\tan\alpha$	terrenghelning foran muren	2,00		
$r_v$	ruhet bak muren	0,40	$\gamma_{vegg}$	spes. tyngde for muren 22,0
Masser bak muren (middel av bakfyll og originale løsmasser) for beregning av jordtrykk				
$a/a_e$	attraksjon/ekv. attraksjon bak mur	10,0	$\gamma_{bak}$	spesifikk tyngde bak muren 19,0
$\phi_{bak}$	friksjonsvinkel for matr. bak muren	42,0		
Masser under eller foran muren for bæreevneberegningene				
$a_{under}$	attraksjon under mur	5,0	$\gamma'_{under}$	midl. eff. tyngde for matr. under mur 9,2
$\phi_{under}$	friksjonsvinkel for matr. under muren	38,0	$\gamma'_{over}$	eff. tyngde for matr. over murenivå 19,0

## BEREGNING AV JORDTRYKK OG LASTER

$\tan\rho_{bak}$	mob. friksjonsvinkel bak mur	0,64	$d_b$	helning av bakkant mur 6,43
$\tan\rho_{under}$	mob. friksjonsvinkel under mur	0,56	$\delta$	murhelning for $K_\delta$ -beregning 8,8
s	hellende terreng bak mur	0,000	t	hellende terreng bak mur 1,400
$K_A$	ukorr. jordtrykkskoeffisient	0,263	$K_\delta$	korreksjon for hellende vegg 0,820
$K_{A\ korr}$	korrigert jordtrykkskoeffisient	0,216		
$E_a$	samlet jordtrykk på bakkant mur	36,4	$C_1$	tilhørende momentarm 1,50
$G_v$	murens vekt	158,4	$C_3$	tilhørende momentarm 0,50
$T_A$	skjærkraft på bakskråning	20,9	$C_2$	tilhørende momentarm -0,23
$R_v$	vertikalresultant	179,3	$C_4$	tilhørende momentarm 0,72

## BEREGNING AV BÆREEVNE

e	vertikalresultantens eksentrisitet	-0,28	$b_0$	effektiv fundamentbredde 2,50
$q_v$	vertikalspenning, gjennomsnittlig	71,7		
$r_b$	RUHET I FUNDAMENTFUGE	0,340		Krav til $r_b$ mindre eller lik 0,80
Krav til maksimal ruhet i fundamentfuge innfridd				
$N_\gamma$	bæreevnefaktor	9,2	$N_q$	bæreevnefaktor 11,5
$f_{sq}$	red.faktor for skrånende terreng	0,20	$f_{sa}$	red.faktor for skrånende terreng 0,60
$\sigma_v$	TILLATT OVERFØRT FUNDAMENTTRYKK	72,2		<b>Krav <math>\sigma_v &gt; q_v</math> og <math>r_b &lt; \text{krav}</math> OK</b>
Krav til maksimalt tillatt overført fundamenttrykk innfridd				